



Romarheim AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1520 - 17/20627

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.07.2017

Løyve til utbetring av felles kjøreveg SKV3 - gbnr 195/235 Leiknes

Administrativt vedtak. Saknr: 326/17

Tiltakshavar: Fløsvika veilag v/ Kåre Romarheim
Ansvarleg søkjar: Romarheim AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om utbetring av eksisterande felles kjøreveg, SKV3, innanfor reguleringsplanen for Fløssvika bustadfelt.

Det vert vist til søknad motteken 18.05.2017, supplert 09.06.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.07.2017 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

Planstatus

Tiltaket ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Fløssvika bustadfelt, planID 1263-201009 er definert som felles kjøreveg, SKV3.

Rekkjefølgjekrava i punkt 1.3.1 i føresegnene til planen er vurdert stetta ved VA-plan mottatt 04.07.2017, skredfarevurderinga som ligg føre og godkjenning av tekniske teikningar over avkjørsle frå fylkesveg 391, jf skriv datert 20.01.2017 frå Statens vegvesen.

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.



Nabovarsel

Kommunen legg tiltakshavar si utgreiing om nabovarsling i skriv mottatt 09.06.2017 til grunn, og vurderer at tiltaket er tilstrekkeleg nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 06.03.2017 med tilhøyrande lengde- og tverrprofil.

Vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Inga endring i forhold til eksisterande situasjon. Tiltaket gjeld utbetring av eksisterande veg i samsvar med godkjend reguleringsplan.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Det ligg føre skredvurdering datert 25.11.2016 som er utarbeidd av Sweco. Kommunen legg skredfarevurdering til grunn for vedtaket og føreset at eventuelle naudsynte tiltak i samsvar med denne vert gjennomført.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING**Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Naudsynte privatrettslege tilhøve synast stetta ved mottatt referat frå generalforsamlinga i Fløsvika veilag 10.05.2017.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for opprusting av felles kjøreveg SKV3 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 06.03.2017, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse vert godkjend slik det er søkt om.
3. Rekkefølgekrev i reguleringsplan skal vera oppfylt.
4. Før ferdigattest/mellombels bruksløyve vert gitt skal faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1520

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fløsvika veilag v/ Kåre Romarheim Leknesvegen 163 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Romarheim AS

Alvervegen 25 5911

ALVERSUND